



Åshild Eikefet Lien
Eide
5728 EIDSLANDET

Dato: 21.03.2014
Vår ref.: 2014/146-2
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:

Fv 569 Dalseid - Eidslandet – vernestatus, verneverdi og prioritering

Eg viser til møte i Eidsland Grendalag 22.11.2013, og spørsmål stila til Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Her er nokre utfyllande svar i høve til svara frå Statens vegvesen, jfr. e-post datert 7. februar 2014.

Vegen mellom Dalseid - Eidslandet var eitt av åtte objekt i Hordaland, omtala i Satens vegvesen sin «Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner», som Riksantikvaren i 2009 foreslo skulle fredast etter Lov om kulturminner frå 9. juni 1978 nr. 50 § 15. Fylkesutvalet gav 22.4.2009, sak 92/09, høyringsuttale til varselet om freding. Fylkesutvalet gjekk i mot at Fv 569 Dalseid – Eidslandet skulle fredast. Frå punkt 1 i vedtaket:

«1. Fylkesutvalet sluttar seg til Riksantikvaren sitt utval i 6 av dei 8 vegrelaterte fredingsobjekta i Hordaland. Veg nr. 166 Jondal – Utne (Rv 550) og veg nr. 170 Dalseid - Eidsland vart unnatekne varsel om freding. Grunngeving: For begge vegane er det ikkje omkøyringsalternativ.

21.12. 2009 vart Tokagjelet, Måbødalen, Haukelifjell, Røldal og Stalheimskleiva freda gjennom forskrift. Det vart ikkje gjort fredningsvedtak for vegen mellom Dalseid – Eidslandet. FV 569 er ikkje freda. Det ligg dermed ingen formelle begrensningar for tiltak på vegen.

Vegen mellom Dalseide og Eidslandet vart fylkesveg frå 1.1.2010. Vegen har håndbora tunnelar har høg verneverdi, men det har vore semje om at det må kunna gjerast mindre utbetringstiltak for å betra sikt og framkome for bl.a lokalbussen. Dette inneber noko kurveutbetringar/vegetasjonsrydding og mindre utbetringar for å få tilstrekkeleg høgde i enkelttunnelar.

Kontaktutvalet for fylkesrådmennene og Statens vegvesen drøfta 2.6. 2010 korleis ikkje statlege objekt i verneplanen kunne forvaltast. Det vart reist spørsmål om korleis objekta i verneplanen som ikkje er freda skal følgjast opp. Staten vil følgja opp verneobjekta på riksveg. Det vart ikkje konkludert med korleis ikkje freda verneobjekter på fylkesveg skal følgjast opp. Det er opp til fylkeskommunen å ivareta verneinteressene langs Fv 569 Dalseide – Eidslandet, slik fylkeskommunen ønskjer og Vaksdal kommune tillet. På kommuneplan nivå kan det leggjast inn omsynssoner etter Plan og bygningslova §11-8c, om ein ønskjer å sikra verneverdiane til vegen.

Dei politiske organa i HFK er godt kjent med standarden på vegen og dei lokale ønska om å utbetra vegen. Vegen er ikkje ein del av det «overordna vegnettet» jfr. Regional transportplan 2013 - 2014, noko som gjer at vegen i denne RTP perioden er meir aktuell for punktvisse utbetringstiltak enn for strekningsvise utbetringstiltak.

Med helsing
Tom - Christer Nilsen
Fylkesordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.